

Rimbareid–Vestbøstad

I hekketida kan du ikkje unngå fløytinga til storspoven eller mekringja til enkeltbekkasinen langs den smale vegen gjennom kulturlandskapet frå RIMBAREID til VESTBØSTAD. Og på seine forsommarkveldar lyder sivsongaren sine intense tonar utover dei to særmerkte tjørnene i området.



Svein Nord



For å skjerma fuglelivet vart Rimbareid-tjørna og Vestbøstad-tjørna verna som naturreservat i 1995. Store er desse våtmarkene ikkje, det kjem mellom anna av at tjørnene er senka fleire gonger for å vinna jordbruksland opp gjennom åra. Derfor er særleg Rimbareid-tjørna sterkt attgrodd i dag. I store delar av året kan det vera vanskeleg å sjå ope vatn her, men det vatnet du ikkje ser, har fleire fugleslag funne fram til. Fuglane er gjerne godt gøymde, men lette å høyra ein stille vår- eller forsommarkveld.

Det er langt lettare å finna våtmarksfuglane ved Vestbøstad-tjørna – dels fordi vassyta her ikkje er like attgrodd, men òg fordi det er bygd eit lite observasjonshus på eit høgdedrag ved vatnet. Alle som vil, kan nytta denne bua for å oppleva fuglane, eller for å søkja informasjon om området. På dyrka mark mellom Rimbareid og Vestbøstad

Vil du sjå dvergdukkaren på nært bald, må du gå varsamt fram. Dersom han kjemmer seg truga, dukkar han og kan halda seg under vatn i lange tider. Då er det berre nebbet som så vidt bryt vassflata, slik at fuglen får luft. (Ingvar Grastveit)

Storspove er ein typisk art i kulturlandskapet i Fitjar. (Jan Rabben)

er det ikkje uvanleg å sjå småflokkar med heilo, som anten rastar under trekket eller ventar på at snøen skal smelta i fjellet, så dei kan koma i gang med hekkesongen. Og finn ikkje du vipene, så finn dei deg.

Fleire andearter hekkar i Vestbøstad-tjørna, mellom anna stokkand, krikand og somme år brunnakke. Sivsporv og sivsongar er vanlege å sjå og høyra frå buskar og kratt. Vatnet er rikt på frosk. Meir enn 80 gråhegrar har ein sett samstundes, på jakt etter ein velsmakande, men gjerne sleip godbit. Den vesle dvergdukkaren hekka første gong i Hordaland ved Rimbareid-tjørna i 1998. Året etter hekka eit par, sikkert det same, i Vestbøstad-tjørna. Desse fuglane held seg her heile året, så sant det ikkje ligg is på vatnet.



Blom Norkart Mapping

Rimbareid-tjørna (t.v.) er i dag mykje attgrodd. Omfattande stell er påkravd i framtida for å sikra at viktige naturverdiar ikkje går tapt. Vestbøstad-tjørna (over) er òg svært frodig. Det har samanheng med tilsig av organisk materiale frå det omkringliggjande jordbruket. I moderat omfang kan slik forureining vera positivt for fuglane, sjølv om det naturlege preget er endra.

STRANDFLATE OG UR VED LANDA

Langs riksveg 545, litt nord for Fitjar sentrum, er det ei 100–200 meter brei flate mellom Landa og Årskog. Ho endar brått inn mot ein bog fjellskrent. Så langt makta frost og bølger å tæra landet tilbake i dette området i periodar då kysten var isfri under istidene. Havet stod då 40–60 meter høgare enn i dag. Bølgjene grov i strandsona og gjorde skråninga bratt.

Langs brattkanten finst det i dag mosegrodde og delvis tilvaksne urer som viser at ura no ligg i ro. Steinurene fortel om klimaforhold med frostsprenging i fjellsida som utløyste ras. Det kan ha skjedd mot slutten av istida, men eldre folk bugsar enno at det kunne gå steinsprang i lia i strenge vintrar i deira barndom. (Foto: Svein Nord)

